

# Val av hovudtillitsvalde (HTV) etter kommunale hovudavtalar

## Protokoll.

### Sak 1: Valreglement

Det skal veljast to hovudtillitsvalde (HTV) etter kommunal hovudavtale i KS i Alver kommune.

Desse skal veljast fritt og i prioritert rekkefølge, det vil sei ved særskilte val der eitt og eitt verv vert valt om gongen i den rekkefølge som kjem fram i dette valreglementet. Alle medlemmar som er tilsett i verksemda, og som har møtt opp for å delta i valet, har tale-, forslags- og røysterett.

Hovudtillitsvalde vert valde for same periode som organisasjonstillitsvalde på same nivå (jfr. Utdanningsforbundet sine vedtekter § 16.4 og § 58.3).

Vala er skriftlege. Dersom det ikkje ligg føre andre framlegg til kandidatar enn valnemnda si innstilling, og dei som skal røysta samtykker, kan valet/vala gjennomførast som open votering/opne voteringar.

Det kan ikkje røystast på andre enn dei kandidatane som er føreslått og som har sagt ja til å stilla til val.

Kandidatar til verv(a) som hovudtillitsvalde(e) kan leggjast fram slik:

- Framlegg frå valnemnda
- Framlegg fremja av dei som skal røysta i forkant av valet

Stemmesetlar som inneheld andre namn, vert forkasta.  
Blank stemmesetel vert rekna som gitt røyst.

Val(a) vert gjennomførde i denne rekkefølgja:

1. Val av HTV 1: Den kandidaten som får meir enn halvparten av røystene, er valt. Om ingen av kandidatane får meir enn halvparten av røystene, skal det haldast omval.

Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lågast røystetal ut. Nytt val vert halde mellom dei gjenverande kandidatane. Dette prinsippet vert følgt til berre to kandidatar står att.

Ved omval mellom dei to kandidatane, er den valt som har fått flest røyster. Skulle det ikkje vera mogeleg å skilja to kandidatar med omval, vert det loddtrekking.

2. Eventuelt val av HTV 2: Etter same valreglar som i punkt 1.

### **Framlegg til vedtak**

Valreglementet vert godkjend.

**Vedtak:** valreglementet vart godkjend.

---

## Sak 2: Val

### 2.1 Val av HTV 1:

#### **Framlegg**

Frå valnemnda: Torgeir Arne Lid.

Frå andre: Ingen framlegg.

#### ***Vedtak***

*Namn på den som vert HTV 1: Torgeir Arne Lid*

### 2.2 Val av HTV 2

#### **Framlegg**

Frå valnemnda: Anita Helland

Frå andre: Ingen framlegg.

#### ***Vedtak***

*Namn på den som vert HTV 2: Anita Helland*

Alver 26.03.2025

Referentar:

Linda Granberg Nilsen og Beate Rørdal